



ULEFOSS ROTARY KLUBB

## MØTEREFERAT

Dato	År	Referent
19. oktober	2017	Liv Sonja Flolid

Disse møtte: Ola V, Irene, Bjørn E, Per S, Asbjørn, Niels J, Bente Vogsland (fru president), Hermann, Knut, Einar og Sara Sofia (utvekslingsstudenten), og Liv Sonja.

Presidenten opna møtet og ønska dagens foredragshaldar, sonen Torstein Vogsland Gustavsen, velkommen. Ola presenterte datoen, den 19.oktober, og diverse hendingar knytt til den:

- Namnedagen til Tora og Tore
- 1999: Fusjonen mellom Telia og Telenor vart formelt underteikna.
- 1990: Regjeringa vedtok å knytte krona til EF sitt valutasystem EMS.
- 1987: Sterkt fall på New York-børsen gav "Black Monday".
- 1985: A-ha toppa dei amerikanske hitlistene med "Take on me".
- 1947: Forfattaren Gunnar Staalesen vart fødd.
- 1931: Den engelske forfattaren John le Carré vart fødd.
- 1898: Det Vestlandske Indremisjonsforbund vart stifta.
- 1735: Den amerikanske presidenten John Adams vart fødd.
- Dagens sitat: «Det er betre å leve rikt, enn å døy rik» (Samuel Johnson).

Dagens 3-minutter med Harald gjekk ut, då han satt heime med skada skulder.

### Dagens tema: Gründerskap; v/Torstein Vogsland Gustavsen.

Han har 3-årig utdanning frå [Høgskolen i Sørøst-Norge](#), Campus Bø, og held no på med masteroppgåve ved Campus Vestfold, nær Horten.

Har alltid hatt draumen om å drive noko eige. Starta som 17-



Torstein Gustavsen – ung gründer i støtet

åring eventfirmaet «On Base» saman med ein kompis, og dei dreiv dette saman i 3 år.

**\* Ein gründer er ein som ser mulegheiter** – Torstein kjøpte seg ski og gjekk Noreg på langs! At han skulle gjere dette, fortalte han til så mange at han ikkje kunne trekke seg ...

I den forbindelse kjøpte han seg ein satellitt-telefon, svært dyr, og etterpå la han denne ut for leige, noko som igjen gjorde at han laut kjøpe fleire! Etterkvart vart dette ein større business.

**\* Ein gründer er nysgjerrig** – Torstein har vore innom mange bransjar, bl.a. reinhald og transport. Han driv også med eigedom saman med broren, og er bl.a. medeigar i [Rør og Bygg](#) på Ulefoss. Har også eit web- og designfirma med 2 tilsette i Sverige, og driv rekneskapsfirmaet [Noba-Consulting](#) på Ulefoss. I tillegg jobbar han som programutviklar, laga studentbedrift og fekk kr. 600 000,- i støtte frå [Innovasjon Norge](#). Han stiller spørsmålsteikn ved at det er så lite praksis gjennom entreprenør- og gründerutdanninga.

**\* Mål og visjon** – Torstein vil lære mest mogleg, prøve ut det meste, og glede seg til å gå på jobb kvar dag! Han presiserer at det er ikkje alle bedriftene han har starta opp, som framleis er i drift. Det kjekkaste er å starte med noko nytt, ikkje nødvendigvis å drifte....



Å se muligheter er en nøkkel!

Bjørn Eirik tok ein 3-minutter på sparket om den gongen han vart sendt av garde (i 1985), for å fotografere ei ung popgruppe som kalla seg A-ha ... Han måtte kjøre gutane fram og tilbake. Då han kom heim til eigne tenåringar og fortalte kven han hadde møtt, så storma dei ut og «slikka» bilseta!!

Neste torsdag er det Sara Sofia sin dag til å presentere seg og snakke om opphaldet så langt.

Vel møtt!

Ola V vann vinen og Knut fekk nappet.